

Til tingretten/byfutembetet i

**Erklæring om privat skifte av dødsbu
(Overtaking av arv og gjeld)
Attlevande sambuar melder å vere
einearving etter reglane om minstearv**

Stad og dato

Opplysingar om den døde

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)	Dødsdato
Bustadadresse	Postnr.	Poststad

Den døde var på dødstidspunktet: Kryss av i rett(e) rute(r)

- Sambuar
 Attlevande ektefelle/sambuar etter tidlegare død ektefelle/sambuar. Gi opp kva dato
ektefellen/sambuaren døydde:
 Den døde sat i uskifta bu Buet etter den som døydde først er skifta

Testament

- Den døde etterlet seg IKKJE testament/gjensidig testament/arvepakt
 Den døde etterlet seg testament/gjensidig testament/arvepakt datert:

Testamentet følger vedlagt i original om det ikkje er oppbevart ved eller sendt inn til retten tidlegare.

Opplysingar om sambuar med arverettar (sjå kort orientering på side 2)

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse/siste bustad	Postnr. Poststad

Opplysingar om mogeleg landbrukseigedom

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i landbrukseigedom (eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)

Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr. bnr. i kommune

Dersom nei, kryss av her:

Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje.

Oppgåve over den døde si formue og gjeld

Eigedelar	Beskriving	Totalverdi	Verdien av den døde sin del
Bustad og annan fast eigedom		kr	kr
Bil, innbu og lausøyre		kr	kr
Bankinnskot		kr	kr
Aksjar, aksjefondsandelar		kr	kr
Anna formue eller verdiar av betyding (spesifiser!)		kr	kr
SUM BRUTTOFORMUE		kr	

Gjeld	Beskriving	Totalt beløp	Den døde sin del
Gjeld (spesifiser!)		kr	kr
Gravferdsutgifter			kr
SUM GJELD OG UTLEGG			kr
SUM NETTOFORMUE			kr

Dokumentasjon blir lagt ved. Skjemaet fortset på side 2 der attlevande sambuar må signere.

Kort orientering til attlevande sambuar

Skifteattest

Skifteattest blir utferda når attlevande sambuar har tatt på seg gjeldsansvaret.

Gjeldsansvar

Gjeldsansvar inneber at den som har tatt på seg ansvaret for pliktene til den døde, sjølv må dekkje eit eventuelt underskot dersom gjelda til den døde er større enn formuen. Er det tvil om gjelda kan vere større enn verdien av formuen til den døde, kan attlevande sambuar be tingretten utferde preklusivt proklama før han/ho tar over gjeldsansvaret. Preklusivt proklama er ei kunngjering på nettstaden norsk.lysingsblad.no og i ei avis der kreditorane får ein frist på seks veker til å melde frå om krava sine. Men enkelte typar krav blir ikkje råka av proklama. Sjå meir om dette på eigne nettsider om arv under www.domstol.no.

Nærare om minstearv for attlevande sambuar

Det blir rekna som sambuarskap om to personar over 18 år, som verken er gift, registrert partnar eller sambuar med andre, lever saman i eit ekteskapsliknande forhold. Den som var sambuar med den døde ved dødsfallet og har, har hatt eller ventar barn med den døde, har rett til å arve fire gonger grunnbeløpet (G) i folketrygda. Dette gjeld også om den døde i tillegg hadde særkullsbarn. Denne arveretten kan avgrensast ved testament dersom sambuaren er kjent med det før dødsfallet.

Dersom nettoverdien av dødsbuet er mindre enn 4G, er attlevande sambuar einearving. Ein opplyser om nettoverdien ved å fylle ut rubrikkane på side 1. Dette skjemaet skal BERRE nyttast i desse tilfellene. Skjemaet skal ikkje nyttast når den attlevande tar over som einearving i medhald av testamentet til den døde.

Storleiken på grunnbeløpet blir regulert årleg. Kor stort beløpet er, kan du mellom anna lese om på nettsider om arv under www.domstol.no.

Dersom sambuarane ikkje hadde felles barn, arvar sambuaren dersom dette er fastsett i testament.

Arverett etter testament når sambuarane ikkje hadde felles barn

Dersom den døde etterlet seg sambuar og særkullsbarn, har sambuaren rett til å arve verdiar tilsvarende minimum 4G **dersom** dette er bestemt i testament, **og** sambuarskapet hadde vart i fem år eller meir ved dødsfallet.

Opplysing om mogeleg landbrukseigedom må alltid fyllast ut

Retten skal melde frå til landbruksstyresmaktene om landbrukseigedommene som den døde eigde. Om den døde ikkje eigde slik eigedom, skal ein krysse av i rubriken der det står «nei».

Erklæringer (underskrifter) fra attlevande sambuar

- Set kryss ved rett alternativ
- | | |
|--------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> | Den døde og eg har, har hatt eller ventar felles barn. Eg stadfestar at eg var sambuar med den døde då han døydde. |
| <input type="checkbox"/> | Den døde hadde berre særkullsbarn. Den døde hadde oppretta testament der eg arvar minimum 4G. |
| <input type="checkbox"/> | Eg stadfestar at eg var sambuar med den døde då han/ho døydde, og at vi då hadde vore sambuarar i fem år eller meir. |
| <input type="checkbox"/> | Eg erklærer at eg er einearving etter den døde.
Etter frådrag for gjeld og kostnader, antar eg at dei samla verdiane etter den døde er mindre enn 4G. |

Eg stadfestar at opplysingane som er gitt her, er rette.

Eg tar på meg ansvaret for gjelda og andre plikter den døde hadde.

Stad og dato	Attlevande sambuar si underskrift (Sjå om digital signatur på www.domstol.no .)
--------------	--